



Notat

Dato: 11.10.2016
Arkivsak: 2014/986-24
Saksbehandlar: maraskv

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Svar til fylkesutvalet – Hordaland barne- og ungdomsråd

Fylkesrådmannen viser til møteprotokoll for fuv 22.09.16, sak PS 232/16, open time og spørsmål frå representant Mari Klokkestuen Kjellesvik;

1. Kor mykje pengar får Hordaland barne- og ungdomsråd (HBUR) av Hordaland fylkeskommune kvart år?

Hordaland barne- og ungdomsråd (HBUR) vart tildelt 500 000 kroner i driftstilskott for året 2016. Dette var ein reduksjon på om lag 30 % i driftstilskotet for året 2015 med følgjande merknad i budsjettframlegget:

HBUR – Hordaland barne- og ungdomsråd er ein nettverksorganisasjon for barne- og ungdomsorganisasjonar. Organisasjonen har tidlegare, i tillegg til si nettverksrolle, hatt fleire oppgåver gjennom Hordaland fylkeskommune. Handteringa av desse oppgåvene har dei siste åra vore gjennom ei omlegging. Sekretariatet for Ungdommens fylkesutval og fylkeskontakt for UKM Hordaland er flytta frå HBUR til administrasjonen i Hordaland fylkeskommune, og ungdomskonferansen har ikkje vore halde siste år. Fylkesrådmannen forslår difor driftstilskot på kr 500 000 i 2016.

HBUR har ikkje søkt andre tilskotsordningar frå Hordaland fylkeskommune i 2016. Organisasjonen har i dag ikkje fast tilsette, men går no gjennom ein tilsettingsprosess av ny organisasjonssekretær.

2. Kor mykje pengar disponerer dei i form av potten som ungdomsorganisasjonane kan søke frå?

I samsvar med Regional kulturplan skulle eksisterande tilskotsordningar på kulturfeltet gjennomgåast for å tilpasse dei betre til kulturlivet sine aktuelle behov og til dei vedtekne satsingane i planen. Når det gjeld ordninga som barne- og ungdomsorganisasjonane kan søkje driftstilskot frå, vart denne gjennomgått i 2015. I vedteke budsjett for 2016 (sak 95/2015) var driftstilskotsordninga omtalt som følgjande:

I tråd med regional kulturplan er det gjort ei gjennomgang av eksisterande stønadsordningar for å få dei til å betre kome i møte behov på kulturfeltet slik det fungerer i dag. Budsjettposten Driftstilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar har omfatta driftsstønad til for fylkesomfemnande og regionale organisasjonar, med ein tilskotsdel basert på kvantitativ utrekning i forhold til medlemstal og ein del med skjønnsbasert vurdering knytt til aktivitetar. Ein vil no sjå nærare på kriteria og vil m.a. formulere om tittelen på ordninga noko,

grunna at fleire organisasjonar med eit tydeleg engasjement for unge også har medlemmer i alle aldrar og såleis ikkje kan kallast ein barne- og / eller ungdomsorganisasjon.

Det vert tilrådd at Driftstilskot til fylkesfemnande organisasjonar med barne- og ungdomssatsing berre skal knytast til medlemstal. Den summen som tidlegare vart fordelt med grunnlag i aktivitet, vert føreslege lagt inn i tilskotsordninga Kulturtiltak barn og ungdom – amatør under posten Stønad etter vedtak. Då vil desse midlane vere mogleg å søkje for fleire organisasjonar og aktørar.

Slik vil dei fylkeskommunale midlane i *Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar* vere reine driftsmidlar og ikkje ei blanding mellom driftsmidlar og aktivitetsstøtte. Aktivitet må liggje i botnen i organisasjonen for å verte tilrådd driftsmidlar, men den skjønsmessige vurderinga vil ikkje lenger liggje til grunn for 50 % av midlane. Tilskot til eigne prosjekt kan organisasjonane søkje under *Kulturtiltak barn og ungdom – amatør*.

I sak 16/2016 vedtok Utval for kultur, idrett og regional utvikling nye retningslinjer for ordninga *Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar*. Dette inneber m.a. at stønaden vert berekna ut i frå medlemstal, geografisk breidde, ungdomsmedverknad mv. Den summen som tidlegare vart fordelt med grunnlag i aktivitet er lagt inn i tilskotsordninga *Kulturtiltak barn og ungdom – amatør* under posten *Stønad etter vedtak*. Desse midlane vil vere mogleg å søkje for fleire organisasjonar og aktørar. Slik vil dei fylkeskommunale midlane i *Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar* vere reine driftsmidlar og ikkje ei blanding mellom driftsmidlar og aktivitetsstøtte. Den summen som tidlegare vart fordelt etter grunnstønad og medlemsstøtte har fått ei auke på omlag 20 %. Organisasjonane har dermed fått ei auke i sine frie midlar.

3. Kva retningslinjer ligg til grunn for innstillingane til HBUR i søknadane dei får inn?

HBUR har tidlegare bidrege til opplysning av saka i førebuingssfasen av denne ordninga, jfr. forvaltningslova §17. I sak 12/11 frå møtet 22.02.2011 i Kultur- og ressursutvalet vart HBUR si rolle framstilt som følgjer:

1. *Søknadar til ordninga vert sendt til fylkeskommunen v/Kultur- og idrettsavdelinga innan 1.mars 2011.*
2. *Kopi av søknadane vert oversendt til HBUR som - innan eigen organisasjon og eigne vedtekter - utgreier og handsamar sakane i samsvar med retningslinjene frå fylkeskommunen. Etter at styre har ferdighandsama sakane vert ei skriftleg innstilling med grunngjeve forslag til fordeling oversendt fylkeskommunen ved Kultur- og idrettsavdelinga. Fylkesrådmannen legg frem saka for Kultur- og ressursutvalet som fattar endeleg vedtak i saka.*
3. *Kultur- og idrettsavdelinga gjennomfører utbetaling av tilskota.*
4. *Kultur- og idrettsavdelinga gjennomfører kontroll med ordninga i samarbeid med HBUR.*

Denne saksgangen vart gjeldande fram til og med 2015.

Ettersom ordninga *Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar* frå 2016 vert fordelt etter ei kvantitativ utrekning, har ikkje HBUR lenger ei rolle i førebuingssfasen av denne ordninga. HBUR mottek driftstilskot etter budsjettvedtak i Hordaland fylkeskommune, og kan difor ikkje tilråast støtte over denne ordninga.